

## Allsong med Vidar Lønn Arnesen

**MELAND:** Søndag kveld vert det songkveld på Nordhordland Folkehøgskule, med Vidar Lønn Arnesen og Philip Kruse.

– Det er medisinsk bevist at det er sunt å synga, slår Vidar Lønn Arnesen fast.

Han har bak seg eit langt arbeidsliv i NRK, der han hadde ansvaret for mellom anna «Ti i skuddet» og «Norsk-toppen» på radio, og ikkje minst TV-serien «Da Capo».

No reiser han land og strand rundt med sin faste pianist Philip Kruse, og deler songgleda. Dette er ein kveld med underhaldning og humor, der ein får nynna eller synga med på kjente viser som «Den glade vandrer», «Nideleven», «Capri» og mange meir.

Arrangørane i Musikkens Venner meiner dette vert ein kveld skreddarsydd for eit godt vakse publikum, og ein kjekk plass å møtast for gode opplevingar. Det er restsal av billetter ved inngangen.



## Tilrår utvida oppdrett

**AUSTRHEIM:** Oppdrettsanlegget ved Øksneset bør få utvida sin lokalitet, går formannskapet i Austrheim inn for.

Av Hans Egil Storheim

Det er Kobbek og Furuholmen Oppdrett AS som ønskjer å utvida sin lokalitet. Alle dei offentlege instansane hadde rådd til at kommunen gjev dispensasjon frå gjeldande kommuneplan.

Dispensasjon er nødvendig for at fiskeristyresmaktene skal kunna godkjenne utvidinga.

Blant dei som har uttalt seg, er Fiskarlaget Vest. Dei går ikkje mot søknaden under føresetnad av at anker ikkje er til hinder for eit trålfelt i området. Kystverket Vest kan ikkje sjå at utviding er til hinder for ferdsla på sjø, og går heller ikkje imot.

Også Fiskeridirektoratet er positiv, ut frå kjennskap til lokale fiskeri-interesser og maritimt miljø. Det vert føresett at fortøyningane ikkje vert lagt ut i trålfeltet.

Direktoratet påpeikar og gode resultat av ei fersk undersøking, basert på prøvar frå 14 stader i lokaliteten. Tilstanden er i klassen «meget god».

Reidar Øksnes, medlem i formannskapet, sende etter fristen inn ein merknad i samråd med kommunen sin saksbehandlar. Øksnes konkluderer med at slik anlegget ligg i dag, er det til liten hinder for ferdsl, men klart til ulempe for fisket som historisk har vore drive nord for Øksnes-skjera og Djupfluskjera.

Frå Rådgivende Biologer AS vert det vist til at ulemper for fiskarar kan avbøtast ved at dei får kartfesta oppankringspunktta ved ei utviding. Då kan dei unngå å setja garn og teiner på desse punktta.



**FLEKSIBELT:** Slik ser ein for seg det nye bygget, som vil romma ei rekkje ulike tilbod i tillegg til magasin.

Illustrasjonsfoto utlånt av Vestnorsk utvandringssenter

# Planlegg nytt bygg

No er det berre ja på pengesøknadar som står i vegen for eit nytt bygg på Vestnorsk Utvandringssenter - og dermed eit etterlengta magasin.

Av Stig Elliott  
stig@strilen.no

– Skissene er på plass, og me har allereie sendt søknad om støtte til Kulturdepar-

tementet. Søknad til fylkeskommunen vil bli sendt, seier vikarierende avdelingsleiar Åshild Sunde Feyling Thorsen ved Museumssenteret i Hordaland.

### Stort behov

Lokale eldsjeler og politikarar på ulike nivå har gjennom mange år etterlyst eit eige magasin for gjenstandar frå regionen. Kulturhistoriske skattar kan gå tapt fordi ein i dag ikkje har skikkelig lagringsplass.

– Me har jobba lenge med dette. Men planane har eksistert endå lenger, allereie før utvandringssenteret kom inn under

oss. Den gong blei det laga nokre skisser. No er nye på plass. Me håpar både stat, fylke og lokale kommunar vil vera med på laget, seier Feyling Thorsen.

### Mange funksjonar

Magasin ved utvandringssenteret meiner ho vil gje ein vinn vinn-situasjon som gagnar kulturen på alle vis. Dessutan framhevar Museumssenteret i Hordaland at pengesøknaden til departementet bør stå sterkt, sjølv om det gjeld ein pott for nasjonale kulturbygg.

– Bygget vil vera for ein heil region. I museumsplanen for nokre år sidan blei

det regionale aspektet tydeleg fastlagt, seier Feyling Thorsen, som likevel er innstilt på at det kan ta tid å få finansieringa på plass.

Nybygget skal etter planen ha eit areal på 2.000 kvadrat, og i tillegg til magasin innehalda eige utstillingslokale for utvandringssenteret og fasilitetar for publikum og tilsette. Fleirbrukssal og møterom tilgjengeleg for kommunar, lag og organisasjonar er òg med i planen.